



SEL KOMMUNE

MØTEINNKALLING - KONTROLLVALET

Møtedato:	Tid:	Møtestad:
Fredag 16.6.23	Kl. 09.30-14.30	Toftemo turiststasjon, Dovre

Medlemmer blir med dette innkalt:

Jørund Båtstad (leder), Eli Marie Stormyrenge (nestleder), Ove Ruud, ~~Maj-Britt Svastuen~~ (meldt forfall), Edda Ane Stubbrud.

Varamedlemmer som møter bare etter nærmere varsel:

Knut O. Bakken, Elin F. Martinussen, Egil Skredemellem, Anita Tofte, Morten Ove Grotløyken, ~~Kari Skjåk~~ (meldt forfall), Hans Børre Ulmo

Forfall må varsles snarest til sekretær Elin Marit Andgard (tlf.nr 481 96 875
e-post: elin-marit.andgard@sel.kommune.no).

SAKLISTE

Godkjenning innkalling Godkjenning sakliste 11/23 Foranalyse om revisjon av NGR 12/23 Foranalyse om revisjon av IKT-tryggleik 13/23 Protokoll og orienteringar
--

Otta 7. juni 2023

Elin Marit Andgard (sign.)
sekretær

Kopi er sendt til: Ordfører, kommunedirektør, Innlandet Revisjon IKS, GD
Møteinnkalling er offentliggjort på SKNGs hjemmeside.

SAKSFRAMLEGG

Møtedato:	Journalnr.:	Saksnr.:	Saksbehandlar:
16.6.2023	101/2023	12-13/2023	Elin Marit Andgard, SKNG
		11/2023	Kari Louise Hovland og Tonje Hesthagen, KSI (Kontrollutvalgssekretariatet Innlandet)

SAK 11/23 FORANALYSE OM REVISJON AV NGR

Vedlegg:

- Saksframlegg frå settesekretariat Kontrollutvalgssekretariatet Innlandet (KSI), ref 2020/698
- Foranalyse Eierskapskontroll/forvaltningsrevisjon Nord-Gudbrandsdal renovasjonsselskap IKS utarbeida av Innlandet revisjon IKS, datert 30. mai 2023

Saksopplysninger

Fordi sekretær i SKNG Elin Marit Andgard er inhabil, er saken utgreid av Kontrollutvalgssekretariatet Innlandet ved sekretariatsleder Kari Louise Hovland og rådgiver Tonje Hesthagen.

Det blir vist til Kontrollutvalgssekretariatet Innlandet sitt saksframlegg, ref. 2020/698, datert Lillehammer 6.6.2023.

Kontrollutvalgssekretariatet Innlandet sitt forslag til vedtak

1. Kontrollutvalget bestiller en kombinert eierskapskontroll/forvaltningsrevisjon av Nord-Gudbrandsdal Renovasjonsselskap IKS (NGR) basert på den framlagte foranalysen. De seks foreslåtte problemstillingene legges til grunn for bestillingen.
2. Kontrollutvalget ber om at revisjonen legger fram en prosjektplan på det første møtet høsten 2023.
3. Det forutsettes likelydende vedtak i de samarbeidende kommunenes kontrollutvalg.

SAK 12/23 FORANALYSE OM IKT-TRYGGLEIK

Saksopplysningar

Vedlegg:

- Foranalyse IKT-sikkerhet - med fokus på skolene – utarbeida av Innlandet Revisjon IKS, datert 1. juni 2023

Bakgrunn

I vedteke forvaltningsplan er datatryggleik i skulane eit av fleire moglege tema for forvaltningsrevisjon med fylgjande problemstilling:

- Er data sikret godt nok i grunnskolen?
- Elevenes bruk av data?
- Er det en klar fordeling mellom roller og ansvar i informasjonssikkerhetsarbeidet?
- Har virksomhetene oversikt over personopplysninger som behandles?
- I hvilken grad er det etablert rutiner og praksis for tilfredsstillende tilgangskontroll, og er tilgangene i samsvar med tjenstlig behov?

Kontrollutvalet handsama spørsmålet om forvaltningsrevisjon av datatryggleik i skulen 6.12.22 og vedtok å tinge foranalyse til forvaltningsrevisjon om datatryggleik i skulane.

Styre i SKNG fekk i møte 23. februar 23 orientering frå Regiondata og vedtok: "Det bestilles foranalyse til forvaltningsrevisjon om datasikkerhet, med fokus på skolene. Foranalysen ønskes levert til 1. juni."

Bestilling om foranalyse vart deretter sendt til Innlandet Revisjon IKS på vegne av alle dei seks kontrollutvala i Nord-Gudbrandsdal.

Fakta

Innlandet Revisjon IKS har sendt over foranalyse om tema, sjå vedlegg. Forvaltningsrevisor Anett Karenstuen vil delta på møtet for å presentere rapporten og svare på spørsmål.

Formålet med foranalysen er å gje kontrollutvalet grunnlag for å vurdere om det skal settast i gang ein forvaltningsrevisjon og korleis denne kan gjennomførast.

Revisjonen har innhenta informasjon frå 6K-kommunane via e-post samt telefonsamtale med felles personvernombud.

Foranalysen startar med å beskrive temaet datatryggleik i kommunen generelt og i skulen spesielt. Vidare er det sett på trusselvurderingar og rapportar samt lovverket om datatryggleik. Til slutt kjem tilrådde perspektiv og moglege problemstillinger for revisjon med datatryggleik som tema.

Foranalysen oppsummerer i korte trekk:

- IKT-tryggleik er vesentleg ut frå fleire perspektiv, og det er viktig at kommunen har god kontroll med IKT-tryggleiken.
- Informasjon som er henta inn, tyder på at det er risikoområder og forbetningspotensiale innan temaet.
- Temaet er reviderbart.
- Ein forvaltningsrevisjon av IKT-tryggleik vil ha nytteverdi for kommunen.

Foranalysen peiker på to spor for ein forvaltningsrevisjon:

1. Overordna styring av informasjonstryggleiken
2. Informasjonstryggleik i skulesektoren

Kontrollutvalet får no to foranalyser til handsaming. Om utvalet vel å gå vidare, vil prosjektplan kunne bli lagt fram for kontrollutvalet på septembermøtet. Det vil truleg være ein viss grad av stordriftsfordel med å tinge revisjon samstundes, t.d. utarbeide revisjonskriterier, men sjølve forvaltningsrevisjonen av data-tryggleik vil skje i den einskilde kommunen med eigen rapport.

Med prosjektplan tidleg haust, kan forvaltningsrevisjonen starte opp i 2023 med avslutning i 2024. Det vil være positivt at 1-2 prosjekt er i gang og som dei nye kontrollutvala kan følge opp etter valet.

Kontrollutvala har oppdragsavtale med Innlandet Revisjon IKS som blir revidert årleg med tankje på innhald og ressursbruk.

Tabellen nedanfor syner antal avtalte og brukte timar dei tre siste åra.

Timar/år til	Avtale	2020	2021	2022
Rekneskap, attasjonar, veiledning	640	563	637	519
Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll	270	0	109	43
Møter i kontrollutval og kommunestyre	24	10	12	7
Sum	934	573	758	569

Vurdering

IKT-tryggleik er eit stort og viktig tema for alle kommunar. Stadig meir kriminalitet skjer via nett og det er fleire høve der kriminelle har klart å ta kontroll over offentlege datasystem og informasjonen der. I og med at IKT blir brukt innan alle kommunale tenester, vil eit evt. dataangrep råke all kommunal tenesteyting. Dagsferske nyhende om at meldingar til barnevernet er "forsvunne" frå datasystem er urovekkande. Mange datasystem inneheld mykje data av sensitiv art, mellom anna om barn eller andre sårbare grupper, og dette stiller ekstra store krav til system og databrukar.

Ein forvaltningsrevisjon av temaet vil ha god nytteverdi, både på politisk og administrativt nivå. God IKT-tryggleik er viktig for dei tilsette, brukarar av kommunale tenester og innbyggjarane generelt.

Ein revisjon vil avdekke eventuelle avvik og stadfeste status. Alle funn vil danne grunnlag for læring og forbetring. Sjøl om skulesektoren er i fokus, vil resultat frå slik revisjon kunne overførast og nyttast i andre kommunale sektorar.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tingar ein forvaltningsrevisjon av IKT-tryggleik i kommunen med fokus på skulane basert på den framlagte foranalysen.
2. Fylgjande problemstillinger blir lagt til grunn for forvaltningsrevisjonen:
 - Har kommunen etablert ein tilfredstillande overordna styring og oppfølging av informasjonstryggleiken?
 - Har skulesektoren etablert klare rutiner og ansvarshøve med omsyn til IKT-tryggleik?
 - Har skulesektoren etablert tilfredstillande rutiner for tilgangsstyring, og blir desse etterlevd?
 - I kva grad har dei tilsette i skulesektoren kjennskap til retningslinjer og rutiner for informasjonstryggleik?
3. Kontrollutvalet ber om at revisjonen legg fram ein prosjektplan på det fyrste møtet hausten 2023.

SAK 13/23 PROTOKOLL OG OG ORIENTERINGAR

Saksopplysningar

- **Møteprotokoll frå kontrollutvalsmøtet 18.4.23**
Møteprotokoll frå kontrollutvalsmøtet er sendt til kontrollutvalet (medlemmar og varamedlemmar), kommunen ved ordførar og kommunedirektør/rådmann, revisjonen og media. Sekretariatet har ikkje motteke nokon merknad til protokollen.
- **Tertialrapport 1. tertial frå Innlandet Revisjon IKS**
Rapport vedlagt.
- **Møteprotokoll frå styremøte i SKNG 5. juni**
Protokoll frå styremøtet til orientering.
- **Status oppfølging av forvaltningsrapport NGLMS**
Fungerande kommunedirektør Kristin Rønn Gårderløkken og kommunalsjef for helse Arild Kongsrud, baa Sel kommune, orienterer.
- **Evaluering av kontrollutvalsarbeid denne perioden**

Forslag til vedtak

Protokoll frå kontrollutvalsmøtet 18.4.23 er godkjent.

Referatsaker er teke til orientering.